

Aktivitetsleir Nesholmen

22. – 25. juni 2025



Det er ei stor glede å kunne invitere **deg** og andre 11-13 åringar frå Lærdal, til aktivitetsleir på Nesholmen leirstad, som ligg ved Storefjorden i Hyen (omlag ein time frå Førde). Leiren vert arrangert i eit samarbeid mellom KFUK/KFUM og Den Norske kyrkja, og er ein del av kyrkja i Lærdal si satsing på born og unge.


Søndag 22. juni, reiser me til Nesholmen med buss, saman med leirdeltakarar frå Aurland. På leiren vil de òg bli kjend med born på same alder, frå andre delar av fylket. Karoline Thyri vert med frå kyrkja i Lærdal. Ho har sjølv våre med som leiar på Nesholmen i ei årrekke, og kjenner leirstaden godt. ☺ Alle får sove på rom med nokon dei kjenner (skriv inntil 2 namn).

Kva skjer desse dagane? Me håpar sjølvsagt på godt vêr, slik at me kan vera mykje ute. Her ligg alt til rette for SUP-brett- og kanoturar på Storefjorden, bading, ballspel, leirdans, UTrulege Nesholmen, kreative verkstad, underhaldning og nye vener – altså mykje moro!

Leiarar på leiren: Karoline Thyri (barne- og ungdomsarbeidar i kyrkja i Lærdal), Monica Finden (kyrkjeverje i Aurland) og leirsjef Andrine Lundekvam. I tillegg kjem vaksenleiarar og ungdomsleiarar frå andre delar av fylket.

Frist for påmelding måndag 9. juni – sjå eige ark.

Velkomen på leir ☺
helsing oss i kyrkja i Lærda



Kva skal du ha med?

- Sovepose, laken, putetrekk
- Klesskift
- Toalettsaker, handkle og badehandkle
- Badekle
- Innesko, gymkle/sko
- Tjukk genser, regnkle osv. Kle for å vere ute å leike (alt etter korleis vêr og temperatur)
- Niste og drikke til bussturen opp
- Lommepengar til kiosk på Nesholmen og busstopp på Jølstraholmen (maks 250,-).

NB! Det er ikkje lov til å ha med energidrikkar.

Mobiltelefonar vert samla inn, men borna får ringe heim om kvelden. Elles kan føresette ringe Karoline (97790771) om det skulle vere noko. 😊

Tid og stad:

Avreise søndag 22. juni:

Buss frå Lærdal klokka 11.30
Møt opp på parkeringsplassen ved Hauge kyrkje i god tid.

Heimreise onsdag 25. juni:

Retur frå Nesholmen kl.11.00
Hauge kyrkje omlag klokka 15.00
Håbakken omlag klokka 15.15

Betaling for leiren

Eigenandelen på leiren er kr. 1100,- for born busette i Lærdal.

Me har søskenmoderasjon, der søsken nummer to og vidare betaler kr. 700,-.

Alle skal ha moglegheit til å vere med på leir. Av og til kan utfordrande økonomi gjere det vanskeleg å melde seg på. Skriv då ei merknad på påmeldingsslippen (eige ark), så dekkjer me eigenandelen.

Ver venleg å betale på kontonummer 3838.07.69031 til Lærdal sokneråd.

Skriv namn på born(a) og merk med «aktivitetsleir Nesholmen».

Frist for innbetaling er 9. juni (same som påmeldingsfrist).

Kyrkja i Lærdal dekkjer resten av deltakarkostnadene, busstransport tur/retur Nesholmen og anna utgifter på leiren. Aktivitetsleir på Nesholmen er open for alle. Om det er nokon som har kjende som ynskjer å vere med, men som ikkje er busette i Lærdal, er KFUK/KFUM sine eigne prisar 1.600,- (1.400,- for søsken + 200,- ekstra rabatt for medlem). Ta gjerne kontakt, om det gjeld nokon du kjenner. Er det elles føresette som har lyst til å vere med som frivillige, meld i frå til Karoline, så ordnar me det.

Ved brot på ordensreglementet vert føresette kontakta og borna kan måtte reise heim på eiga rekning.



Eg ynskjer å vere med på aktivitetsleir!

Namn:.....

Fødselsdato:.....

Adresse:.....

Mobil til føresette:.....

Underskrift av
føresette:.....

E-post til føresette:.....

Vil dele rom med
(inntil 2 namn):.....

Noko vi bør vera merksame på? Konfidensiell informasjon som berre Karoline Thyri, ev. andre vaksenleiarar på leiren ved behov, har tilgang til. Det kan vere sjukdom, allergiar eller sosiale behov som er viktig at me vaksne veit om, for å legge til rette for ein best mogeleg leiroppleving for deltakarane. Ta gjerne kontakt på telefon om det er ting som er greit å snakke om før leiren, og/eller skriv ein merknad her (allergi, sjukdom, sosiale behov eller anna):

.....

.....

Bilete/video frå leiren kan nyttast

... til internt bruk

... til offentliggjerding i lokalavis, kyrkja si nettside o.l.

Namn på deltakaren kan vera med i ev. billettekstar

JA

NEI

Send til:

Ta bilete av påmeldingsslippen og send den på e-post til karoline.thyri@laerdal.kommune.no

De kan òg levere på kyrkjekontoret eller legge slippen i postkassa vår: Brattegjerde 2, 6887 Lærdal

Frist for påmelding er måndag 9. juni.

Det kan bli fullt på leiren, så her gjeld det å vere fyrst ute! Me tek imot påmeldingar fortløpande. Når det er fullt, byrjar me på venteliste. Etter påmelding sender me ein stadfesting på e-post.

Har du spørsmål, kan du kontakte Karoline på mobil eller e-post:

Mobil: 977 90 771 – E-post: karoline.thyri@laerdal.kommune.no



DEN NORSKE KYRKJA
Lærdal sokn